Utdanningsforbundet

Saker til drøfting på fylkesnivå

Sein haust -24 og tidleg vår -25

Utdanningsforbundet

Møter 5.desember 2024 og 16. januar 2025

Informasjons-og drøftingsmøter med Opplæring og kompetanse



Mobilsaka

- Mobilgodtgjørsle: politisk vedtak i Vestland Fylkeskommune om økonomisk kompensasjon for bruk av eigen mobiltelefon på jobb — kostnadsberekna til 8 millioner/år
- Saka har vore jobba med i fleire år frå dei hovudtillsvalde, ein seig sak.
- Sum blir kr.170,- pr.månad
- Når kjem pengane? — Mars er målet
- Saka har ein hale: skal arbeidsgjevar kunne kreve at brukar privat mobil?

Utdanningsforbundet forslår følgande:
Ei fellesopplæring/kursing av dei VIS-ansvarlege leiarane og lærarane sine tillitsvalde på skulane. Vi trur at det kan være eit steg på vegen til meir ro rundt VIS og dei vanlegaste "uro-punkta" ute på skulane. Ei slik kursing kan ha fellesskoleringane i lov- og avtaleverk som mal, der både arbeidsgjevar og dei tillitsvalde deltar. Vi trur at ei fellesopplæring kan hindre konfliktar knytt til dei nemde tema og at både lærarar og VIS-ansvarlege vil ha nytte av ei slik opplæring.

Fellesopplæring VIS

- Sak meldt til infodrøft før jul, her fekk vi napp!
- Mål; vi ønsker at dei VIS-ansvarlege på skulane og dei tillitsvalde skal ha ei felles opplæringsøkt.
- Fellesøkta blir digital og vi håper den blir sjøsatt i vår.
- Viktig at atv-ane deltek og at dei er godt førebudd!
- Vil vil lage ei spørsmålsliste som kan brukast.

Dette fekk vi ikkje til.....

Administrasjonen sitt kompetansenettverk for VIS skal syte for god forvaltning av VIS på skulane, og har organisert nettverket rundt viktige områder. *Utdanningsforbundet meiner at organisasjonane bør vere ein del av dette kompetansenettverket, for å styrke partssamarbeidet i forvaltninga av VIS*.

Rådgjevarressurs

- Vi har i haust tatt opp rådgjevarane sin ressurs.
- Denne ressursen har ikkje auka i takt med behovet!
- Endringar i Opplæringslova fra i haust — har ført til at langt fleire har bruk for god rettleiing når det gjeld utdanning.
- Lite gehør for at dette er noko fylket kan gjere noko med — vi må arbeide vidare med saka.

Saker som vil bli meldt:

- VIS — håndtering av undertid og SFS2213.
- Sak blir meldt til ID-møte i februar.

- Mobiltelefon — kva gjer Vestland Fylkeskommune for å følge opp signala frå utdanningsminister Kari Nessa Nordtun når det gjeld mobiltelefon i klasserommet?

- Lærarlause timar — ber om ei oversikt over kva som er situasjon på skulane i VLFK. Viser til tilsyn i Rogaland, der vert avdekka at for mange timar vert godkjent utan at det er faglærar til stades.

Førebygging av vald og trugslar

- I mars blir det ein heil dag sett av i kvar av dei fire regionane til dette temaet.
- Opplegget er utarbeidd av Arbeidstilsynet og er ei systematisk tilnærming til temaet.
- Til samlinga vil både skuleleiarar, tillitsvalde og verneombud på skulane bli invitert.
- Siste del av dagen vil tema være beredskap ute på skulane — her blir også politiet med
- Mål: at skulane sjølv kan halde fram med arbeidet på dette viktige feltet.
- Om de ikkje får invitasjon; etterspør det på skulen din!

YFF-faget

- Vi fryktar at lærertimar i faget yrkesfagleg fordjuping vert «telt vekk» når elev er utplassert.
- Det er FAGLÆRAR som skal ha desse timane for å kunne gi elevane den oppfølginga dei skal ha.
- Saka er tatt tak i av Utdanningsforbundet sentralt og vi spelar inn dei poenga vi har i saka.
- Vi har også vært i kontakt med stortingspolitikarar frå Vestland då SV fremja eit forslag i Stortinget i fjor om å verna lærartimane i faget.

Til fylkespolitikaren i Vestland Fylkeskommune

Flytting av eksamen VG3 og russefeiring.

Regjeringa har uttrykt eit ønske om ein tidlegare eksamensperiode, med mål om å flytte skriftleg sentralt gitt eksamen på Vg3 til før 17. mai.
Vi i Utdanningsforbundet er uroa for at eit meir komprimert skuleår for avgangselevane vil få fleire svært negative konsekvensar. Frå fleire fylke vert det meldt at forslaget skaper uro og møter motstand i både elevgruppa og hjå lærarane.
Hovudmåla bak forslaget om å flytte eksamen til eit tidlegare tidspunkt verker å handle om at russetida ikkje skal forstyrre eksamensavviklinga og å gjere russetida meir inkluderande.

Vi stiller eit klart spørsmål ved om flyttegrepet er eigna til å løyse utfordringane knytt til russefeiringa, og vil i tillegg påpeike ei rekke uheldige konsekvensar ved å framskunda eksamenstidspunktet:

- Det vil være vanskelegare å gi elevane timane sine i faga før eksamen, og det er allereie i dag krevjande å få til. For å gi opplæring etter læreplanen må truleg skuledagen forlengast eller skuleåret utvidast, då opplæringsforskrifta slår fast at eksamen skal vise kompetansen til eleven ved slutten av opplæringa.
- Arbeidspresset vil auka som følge av tidlegare eksamen. Dette vil kunne føre til auka skulestress og skulepress for elevane, og det vil også få negativ innverknad for lærarane sine moglegheiter til å følge elevane godt nok opp. Vi er redde for at summen av dette vil bety auka fråfall – med mogleg auka utanforskap på sikt.
- Ei anna fare er lærarflukt og dårlegare rekruttering på grunnlag av endå tøffare arbeidsår med auka oppleving av å ikkje ha nokon reell moglegheit til å strekke til. Vi får tydelege meldingar frå våre medlemmer om dette.

Vi veit at mange elevar opplever eksamen som ein viktig motivasjonsfaktor for læring. Derfor er vårt forslag å flytte skriftleg eksamen til slutten av mai og at eksamensperioden kortast ned. Viss formålet er å ivareta at russetida ikkje skal kollidere med skriftleg eksamen, er det også ivaretatt med dette forslaget. Nå som førebuingsdagane til eksamen er fjerna, er det mogleg å kutte ned på eksamensperioden.

Med vennleg helsing: Linda Solhaug, Ane Kristine Aadland, Sabine Exner
(Utdanningsforbundet Vestland)

Utdanningsforbundet